

Vikebygd Bedehus

Årsmelding for 2016

Vikebygd Bedehus har lagt eit roleg og godt år bak seg.

Huset har blitt nytta til ulike samlingar til glede for alle generasjonar i bygda, hyttefolk og tilreisande utanom.

Det har vore 13 møte, filmkveld og 3 basarar. Ein for bedehuset, ein for Norsk kyrkje i utlandet (Sjømannsmisjonen) og ein for Normisjon. Huset har blitt utleigd til speidaren som har hatt Globalaksjon med kafe og grautfesten sin her. I oktober var det Ukrainainnsamling. Dei to misjonsforeiningane i bygda, har hatt sine samlingar på kjøkkenet gjennom året. I tillegg har Vikebygd søndagsskule og laurdagsklubb hatt samlingar på laurdagar, og arrangert juletrefest. Soknerådet har også nytta huset til konfirmantfest, og det er blitt utleigd til privat arrangement ein gong.

Styret for bedehuset sa og ja til å vera med å støtta Alphakurset som alle bedehusa og soknerådet i Skjold og Vikebygd arrangerer hausten 2016 og vinteren 2017.

I haust kom det til bedehuset ein noko ubeden gjest. Ei mus vart fanga i ventilatorskapet, og det vart tetta betre rundt røyren inn i skapet. Ho klarte heldigvis ikkje å gjera noko skade. På loftet vart straummålaren veldig varm, og det vart oppdaga i tide slik at ingen skade skjedde her heller. Straummålaren og dei siste sikringane av gammal type, vart skifta ut. Så nå er alle sikringane automatsikringar, tavla er oppdatert, og målaren ny. Godt når det elektriske er i orden.

Elles hadde styret ein dugnad om våren. Her vart det reparert ei vindskei, og ein del av bordkledningen vart undersøkt for mellom anna rote. Kjøkken vart vaska ned og rydda.

Styret har hatt 3 styremøte. I 2016 har desse vore med i styret: Berit Ryvik Skartland (kasserar og utleige), Marit Larsen, Lene Bjerga (utvask), Jens Tveit og Kjersti Hausberg Bjerga. Vara har vore Geir Vårvik, Ingrid Mathilde Sørvåg og Jone Bjerga. Revisorar har vore Arne Tveit og Berge Thomas Velde.

På val står Jens Tveit, Lene Bjerga og Marit Larsen. Jens Tveit og Lene har sagt ja til attval. Marit Larsen seier frå seg attval. Alle tre vara er valde for eit år. Alle tre tek attval. Revisorane har også sagt ja til attval.

Vikebygd 22.02.17

For styret - Kjersti Hausberg Bjerga